

KRAFTMUSEETS VENNER

Sommaren 2018 skifta Kraftmuseet namn frå Norsk Vasskraft- og Industristad-museum. Då var det klart at også Museumslaget for NVIM måtte vedta eit namneskifte. Forslaget frå styret på **Kraftmuseets Venner** vart einstemmig vedteke på

Museumslaget sitt årsmøte 21. mars 2019.

I tråd med dei nye logoane til Kraftmuseet, har vennelaget fått ein eigen logo, du ser han opp i venstre hjørne.

Vennelaget treng stadig nye og engasjerte venner - vervar du, får du ein premie!

|||| Kraftmuseet + Lindehuset + musikal



Hardanger Musikkfest med konsertar på Lilletopp laurdag 8. juni og i kraftstasjonen i Tyssedal søndag 9. juni.

Les meir inne i heftet

Sesongopning på museet måndag 27. mai. Ope alle dagar frå 10 til 17

Årsmøte i Museumslaget 2019

Årsmøtet 2019 fant sted i Kraftstova i Tyssedal torsdag den 21. mars. Styreleder Bjørn Seim ønsket velkommen. Før styreleder gikk over til dagens sakliste, hadde nestleder Vidar Våde tradisjonen tro et kulturelt innslag.

Kasserer Olav L. Strand orienterte om økonomi, regnskap og budsjett. Medlemstallet har gått noe ned, men kasserer er optimistisk m.h.t. framtidig økning i medlems-tall. Styrets forslag til bevilgninger ble enstemmig godkjent;

A. Bevilge kr.10 000 til Kraftmuseet for arbeid, trykk og forsendelse av medlemsbladet «Liv og Rør». Forslag til vedtak: Bevilge kr. 10 000 til «Liv og Rør» -

B. Bevilge kr. 10 000 til musikalen «Albert og Leonie»
Forslag til vedtak: Årsmøtet bevilger kr. 10 000 til musikalen «Albert og Leonie»

C. Bevilge kr. 4 522 til kjøkkenutstyr til Buen i samsvar med vedtak fra årsmøtet 2017.
Forslag til vedtak: Årsmøtet bevilger kr. 4 522 til kjøkkenutstyr til Buen.

8. Andre innkomne forslag:
Forslag fra styret i Museumslaget om navneendring fra *Museumslaget for NVIM* til **Kraftmuseets Venner**. Navnet blir ikke endret i Brønnøysundregisteret, da dette koster en del penger. Det er gratis å opprette tilleggsnavn eller kallenavn. Det nye navnet ble enstemmig vedtatt.

Etter litt mat, orienterte Bjørn Seim og Anne Gravdal om aktuelle nyheter fra museet i del 2 av årsmøtet. Anne Gravdal fra Kraftmuseet holdt også et kåseri om "Eit moderne mirakel"

Leder av valgkomiteen, Jan Fredrik Forsberg var forhindret. Nestleder Geir Engesæter orienterte om valg og gjenvalg. På valg i denne valgbolken står følgende personer.

Leder
Bjørn Seim **2017-2018** **2019-2020**

Styremedlemmer
Vidar Våde **2018-2019**

Olav L. Strand går ut 2017-2018

Eva Bratteteig overtar **2019-2020**

Solveig Våde går ut 2017-2018
Brit Andersson rykker opp **2019-2020**

Solfrid Kvam **2018-2020**

Varamedlemmer

Jane Ripley går ut 2017-2018

Monica Synnøve Knudsen NY **2019-2020**

Jarle Vangen **2017-2018**

Anne Christine Knudsen - NY **2019-2020**

Hallvard Kjørvik 2018-2019

Revisor
Mette Haraldsen **2018-2019**

Medlemmer i styret til Kraftmuseet fra Kraftmuseets Venner velges for to år. Styreleder sitt verv endres til oddetall for at det skal samsvare med styrevervet i styret for Kraftmuseet.

Valgkomite: Geir Engesæter – leder
Jane Leivestad
Karin Rasmussen

Neste styremøte:

Mandag 03. juni kl. 18 i Buen

Informasjon om årets studietur kjem på FB og nettsidene.

Møte for førebuing til juleverkstad:

Mandag 09. september kl. 18

Hardanger musikkfest 2019

I år skal musikkfesten ha to konserter på Kraftmuseet i Tyssedal. Ein på Lilletopp og ein i Kraftstasjonen. Tema for årets musikkfest er **Vandring** og det vert ei morgonvandring til Lilletopp laurdag 8. juni kl. 10, med konsert inne i fordelingsbassenget. Utøvar er den eminente saksofonisten frå Hardanger: *Arnfinn Gursli Langesæter*.

Den andre konserten i Tyssedal finn stad søndag 9. juni kl. 17 i Kraftstasjonen Tyssø I.

Her får du høyra den lyriske slagverkaren Håkon Stene, felespelaren Nils Økland og jazzmusikaren Mats Eilertsen i noko Hardanger Musikkfest beskriv som *Vellyd i Tyssedal!*



HARDANGER
MUSIKKFEST



Ein litt annleis konsertarena inne i fjellet på Lilletopp.
Foto: Kraftmuseet

Empati

Når du kan
telle til ti.
Og lurer på
hva du skal
bli. Da kan jeg
ikke fri
meg fra å si.

Det er på tide
med empati.
Ikke bare å få,
men lære å gi.
VV.



Vervekampanje

Guri Bergene og Brit Andersson var ivrige "medlemssankarar" for **Kraftmuseets Venner** på Lindeplassen og marknaden der laurdag 6. april. Ein god del personar er no nye medlemmer i vennelaget. Og det er plass til fleire! Fine premiar for dei som vervar nye medlemmer. Velkomen i **Kraftmuseets Venner!**



Lindehuset

Lindehuset var "der dei laga pengar av luft". Anlegget var som eit stort kjøleskap, og vart oppfunne av nettopp den ingeniøren som fann opp kjøleskapet; Carl von Linde.

Hovudfunksjonen til Lindehuset var å produsera flytande nitrogen. Her vart det laga kunstgjødslar for å auka matproduksjonen i verda.

Etter at Odda Smelteverk AS la ned produksjonen i 2003, vart Lindehuset fredda, og det vart bestemt at kommunen skulle søkja om å få statusen regionalt kulturhus.

Frå 2019 har Kraftmuseet ein avtale med Odda kommune om å leiga Lindehuset og utvikla det til å verta eit kulturhus med plass til utstillingar, teateroppføringar, konsertar og mykje meir.

Lindehuset før og no.

Foto: Kraftmuseet arkiv



I mars hadde Kraftmuseet saman med Norges Handbak-klubb og Litteraturhuset det fyrste arrangementet i Lindehuset etter at museet tok over bygget. Samstundes gjekk øvingane til den store Oddamusikalen føre seg andre stader i huset.

Musikalen Albert og Leonie fortel historia om karbideksperten som slo seg ned i Odda med den unge kona si. Den fortel om kjærleik og død og om korleis det moderne Oddasamfunnet vart skapt. Seks framføringar fekk til saman 2500 besøkande. Dette må seiast å vera ein vellukka prøve på at Lindehuset vil fungera som eit regionalt kulturhus der slike og liknande oppføringar vil få sin faste plass.

Kraftmuseets Venner gav ei støtte på 10 000 kr. til musikalen.



Albert & Leonie - ein musikal

Kjærleikshistoria om Albert Petersson og den unge tyske kona hans Leonie f. Witt har så mykje drama i seg at han er skapt for å verta framført på ein scene. Og kva scene passar betre enn Lindehuset på fabrikkjen som Albert Petersson var direktør for. Albert og Leonie fekk to born, sonen Klaus og dottera Ingrid. Då Ingrid var fødd fekk Leonie svangerskapsforgiftning. Ho dør tre dagar seinare. Albert sørgjer tungt.

Fire år seinare - i 1914 - går Albert Petersson om bord i båten som går frå Odda til Bergen for å reisa vidare til sine oppdragsgjeverar i London. I to-tida denne augustnatta i 1914 høyrer kapteinen og styrmannen eit plask og finn etterkvart ut at dr. Petersson ikkje er å finne på båten. Dei set i gong søk, men finn han aldri. Ein klarer heller ikkje finne ut kva som egentleg hende. Borna hans vert sende til Sverige og veks opp hjå familiender.



André Søfteland som Albert, Tommy Tverdal som Rosengren og Lene Kokai Flage som Leonie.



Velfortent jubel og trampeklapp etter premieren 6. april.



Marknad på Lindeplassen før premieren.
Alle foto: Kraftmuseet



Nokre av Albert og Leonie sine etterkomarar frå Sverige var til stades på musikalen.

Bolidenarkivet

Boliden Odda AS har inngått avtaler med Kraftmuseet om deponering av arkivet deira i Industriarkivet. Depone- ringa er eit gjennombrøt for Industriarkivet.

Hausten 2018 var Mette Haraldsen og Siri Jordal frå Kraftmuseet på Boliden og pakka ned eldste del av arkivet, ca. 50 hyllemeter. Vi er no godt i gang med å re- gistrere korrespondanse frå


1924-75. Kraftmuseet har fått midlar frå Museumsloftet til Hordaland fylkeskommune, Riksarkivaren og Odda kom- mune sitt kulturfond til arbei- det, i tillegg til bidrag frå Boliden.

I dag arbeider Mette, Frode og Siri med dette interessan- te industriarkivet.

Frå Boliden si side har Kenneth Nesse arbeidd med arkivet.



Mette og Frode pakker og sorterer arkiv etter Zinken/ Boliden.



Sesongopning på museet 27. mai! Då er museet ope kvar dag alle dagar frå kl. 10 til kl. 17, fram til 3. september.

Film, omvising og utstillingar.

Hugs at du som medlem kjem gratis inn!

Velkomen!

Blåsenborg - direktørvillaen

Eit av dei første husa karbidfabrikken bygde etter oppstart av anlegget i 1906 var direktørvillaen.

Arkitekt Jens Zetlitz Monrad Kielland som hadde teikna Gamlehaugeten for Christian Michelsen i Bergen, fekk oppdraget med å teikna huset. Både utvendig og innvendig hadde huset vakre utskjeringar i drakestil. Deler av fasaden var kledd med spon som på stavkyrkjene. Kielland var utdanna i Charlottenburg ved Berlin - same staden som far til Leonie Witt var tilsett. Trekunstnaren Magnus Dagestad på Voss var ansvarleg for utskjeringane. I hallen hadde Petersson eit stort biletteppe med tittelen "Friarane", teikna av den kjende kunstnaren Gerhard Munthe. Bygget signaliserte både det nasjonalromantiske og den nye tida i Odda.

Villaen skulle vera både bustad og nyttast til representasjon. Han låg i landlege omgjevnader på Eide, i god avstand til fabrikk og røyken og med vakker utsikt over Odda, Folgefonna og Sørfjorden. Ein liten park med grusgangar og drivhus omkransa bygget.

Direktørparet Albert og Leonie Petersson tok huset i bruk omkring 1907. Fram til Peterssons død i 1914 vart huset kalla "Dr. Peterssons villa". Deretter flytta direktør Frans W. Bruce og familien inn og vart buande i 38 år, til 1953.

Villaen vart sidan kalla "Brucevillaen", men Brucefamilien kalla huset for "Blåsenborg".

I 1962 vedtok styret for Odda Smelteverk AS å riva huset. Den nye direktørfamilien synest bustaden i den store hagen var for gammaldags. Brucehagen gav seinare tomteplass til mange nye heimar for tilsette ved smelteverket.



Sjå fleire foto på www.kraftmuseet.no



Leonie Petersson i samtale med ein arbeidar.
Barnerommet til Klaus og Ingrid Petersson. Foto: Albert Petersson. Blåsenborg - seinare Brucevillaen. Foto: Bj.Eidnes



Retur: Kraftmuseet, Naustbakken 7, 5770 TYSSDAL

Verv medlemmer til Museumslaget!

Du får gratis inngang for deg, og den nærmeste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære åpningstid. Du kan delta på Vennelagets årlige turer og arrangement.

Bladet Liv og Rør kommer i posten med informasjon fra Kraftmuseet og Kraftmuseets Venner. Du er med på å støtte stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristad-museum. Bli med i Kraftmuseets Venner og arbeid for et godt museum for Odda og Tyssedal, for vannkrafta og prosessindustrien og deres bidrag til byggingen av det moderne Norge!

Kraftmuseets Venner har også egen facebook-side!

Gå inn og lik oss:

www.facebook.com/museumslagetfornvim

www.facebook.com/kraftmuseet



Kontingentsatser:

Enkeltmedlemmer:	kr	150
Familier:	kr	200
Foreninger og lag:	kr	300
Bedrifter, skoler, etc.:	kr	1 000

Kontakt: Leder Bjørn Seim

E-post: bjoesei@online.no

Tlf.: 957 53 764

Kasserer: Eva Strand Brattespe

E-post: eva.brattespe@kinsarvik.net

På nettsida

www.digitaltmuseum.no kan du leite gjennom Kraftmuseet sine per i dag ca. 16000 historiske fotografier! Finn du eit foto du kunne tenke deg å ha, tek du kontakt med siri@kraftmuseet.no for tinging.

Digitalt Museum

Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnadar: kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod: post@kraftmuseet.no - 53 65 00 50



www.kraftmuseet.no, www.facebook.com/kraftmuseet